



Arkivsaknr: 2024/5280-3
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om tilvirkningsløyve for skjenking i eiga verksemd - Stiftinga Museumsenteret i Hordaland - avd. Lyngheisenteret

Utvalssak Utval

Møtedato

Utval for levekår

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om utvida skjenkeløyve for tilverknad av alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 for skjenking i eige verksemd – Museumssenteret i Hordaland, Lyngheisenteret, Lurevegen 1575, 5912 Seim, org.nr 971 34 9743 vert innvilga.

Kjersti Linn Bakke er styrar for skjenkeløyve. Vibeke Døsvik Haukeland er avløyssar.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 10.00 til kl. 02.00 med følgjande unnatak: Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå klokka 13.00 til klokka 01.00 alle dagar.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Museumssenteret i Hordaland org.nr 971 34 9743 er innvilga skjenkeløyve for alkoholholdig drikk for perioden 01.10.20 – 30.09.24. Det er og søkt om fornying av alminneleg skjenkeløyve for perioden frå 01.10.24- 30.09.28. Denne behandlast i sak 2024/8106.

Museumssenteret søker om utvida skjenkeløyve for tilverknad av alkoholholdig drikkegruppe 1 og 2, for skjenking i eiga verksemd.

Styrar: Kjersti Linn Bakke, Lurevegen 927, 5912 Seim.

Avløysar: Vibeke Døsvik Haukeland, Vardane 158, 5911 Alversund.

Saksopplysningar

En kommunal salgsbevilling kan utvides til å omfatte salg av alkoholholdig drikk som er innført eller tilvirket for salg i egen virksomhet (Alkoholova § 4-2).

Museumssenteret i Hordaland søker utvida skjenkeløyve til også å gjelde tilverknad av alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 jf. Vedlegg.

Lynghesenteret har vedtaksfesta føremål å ivareta kulturlandskapet med kystlyngheiene og kystkulturen vår. Dette gjerast med ei aktiv drift der dei produserer og foredlar mat og virke på tradisjonelt vis. Dokumentasjon, forskning, undervisning, formidling og næringsverksemd er din viktig del av dette.

Museumssenteret i Hordaland ønskjer å lage eit øl basert på lokale råvarer som finnst i kystlyngheia, einer, pors, humle og honning og prøve det ut også med havre frå Havrå. Dei ønskjer å lage øl på kveik som er ein tradisjonell «gardgjærsopp» som vert brukt til ølbrygging.

Øl basert på lokale råvarer frå kystlyngheia høver godt til mattilbodet, formidlinga og kurstillbodet til Museumssenteret i Hordaland med fokus på lokal råvarer, tradisjonsmat og drikke, foredling og sjølvberging i kystlandbruket.

Det søkast om løyve til skjenking både utandørs og innandørs. Lynghesenteret har 185 sitjeplassar innandørs og 86 sitjeplassar utandørs. Servering av eiga tilverka drikk vil i hovudsak skje i matstova, men i ulike samanheng er dert ynskjeleg å kunne servere alkohol til gjestane i andre rom på senteret da skjenking også vil skje i høve til formidling av råvarer og tradisjonsmat. Dette vil være i auditoriet og hall i kjellar som har 70 sitjeplassar og møterom med 35 sitjeplassar.

Vurdering

«Med tilvirkning forstås enhver produksjon av alkoholholdig drikk. Slik produksjon kan skje ved gjæring, destillasjon eller på annen måte. Den omfatter f.eks. alkoholgjæring av druesaft, frukt- eller plantesaft, gjæring på malt (øl) og fremstilling av alkohol av annet produkt ved destillasjon eller annen teknisk prosess» ([Tilvirkning - Helsedirektoratet](#)).

Vilkår for utvidet kommunalt skjenkeløyve følger av alkoholoven § 1-7e: «Bevilling etter § 4-2 tredje ledd kan bare gis hvis tilvirkningen skal skje ved skjenkestedet, og tilvirkningen og skjenkingen vil utgjøre en del av stedets helhetlige karakter». Bestemmelsen må sees i lys av bakgrunnen for ordningen er primært et ønske om å fremme lokale tradisjoner og næringsutvikling, forholdet mellom lokal mat/drikke og turisme.

Museumssenteret i Hordaland har lokale både for produksjon og skjenking i infobygget (sjå vedlegg). Museumssenteret i Hordaland ønskjer å lage eit øl basert på lokale råvarer som finnst i kystlyngheia. Dei ønskjer å lage øl på kveik som er ein tradisjonell «gardgjærsopp» som vert brukt til ølbrygging. Tradisjonsøl høver godt til mattilbodet og stadets heiskapelege karakter som er fokus på lokal råvarer, tradisjonsmat og drikke, foredling og sjølvberging i kystlandbruket.

Alver kommune vektlegge betydninga av å ivareta kulturarv i kommuneplanens samfunnsdel (2022-2024): «Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling. Vi skal ivareta og byggje kunnskap om lokal tradisjonskultur».

Søknaden er sendt til uttale hos nav, politi og skattemyndigheiter og det er inga merknader til søknad om løyve.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknad om utvida skjenkeløyve til å gjelde tilverking og skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i eige verksemd vert innvilga frå 01.10.24 – 30.09.28.

Vedlegg

- 1 Søknad om tilvirkningsløyve for skjenking i eigen verksemd
- 2 Tilverknad av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd